

Dykkar ref.: Lars Hustveit
Vår ref.: 1280251 / 1

09.09.2015

Innspel Verdiskapingsplan Sogn og Fjordane 2014 - 2025

Vi viser til dykkar utkast til verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025.

SFE Nett støttar sjølvstøtt fylkeskommunen i at den kraftkrevjande industrien er svært viktig for Sogn og Fjordane, både som arbeidsgjevar, skattebetalar og ikkje minst som vesentleg aktør i energibalansen. Sett frå ein nettståstad ville det vere nær umogleg å drifte dagens nettsystem i fylket om ikkje store mengder av lokal produksjon vart forbrukt i nærområdet.

Vi meiner det er gode og aktverdige grunnar til å arbeide for konkurransedyktige vilkår for den kraftkrevjande industrien i fylket. Dette kan dreie seg om t.d. :

- tilgang på kompetent arbeidskraft,
- gode kraftprisavtalar,
- gode kommunikasjonar,
- sikkert og robust kraftnett,
- nivå på nettleige.

Utkastet til verdiskapingsplan skisserar at fylket, som ei politisk problemstilling, må jobbe for at eksisterande nasjonalnett i fylket ikkje må flyttast over til regionalnett. SFE Nett meiner dette er ei problemstilling som har fleire konsekvensar, og at desse konsekvensane må sjåast i samanheng før fylket tar stilling til om det er ei ønska utvikling.

For SFE nett dreier dette seg om:

132kV-liner:

- Moskog – Grov
- Grov – Svelgen
- Svelgen – Ålfoten
- Ålfoten – Leivdal
- Mel – Skei
- Skei - Moskog.

- I tillegg er linjene Høyanger – Moskog og Leivdal – Haugen vedteken sanert etter at 420kV linja mellom Sogndal og Ørskog er sett i drift.

Stasjoner:

Heilt eller delvis stasjonsanlegga Moskog, Grov, Svelgen, Ålfoten, Lunden, Leivdal, Skei, Mel og Myklebust.

I sum er dette ein vesentleg del av det samla nettet til SFE Nett.

Noreg si implementering av EU sitt 3. eldirektiv legg opp til at det skal vere berre ein eigar og drivar av sentralnett i Noreg, og denne eigaren er definert å vere Statnett. Ei endring av praksis for klassifisering av sentralnettet si utstrekning vil få som verknad at SFE Nett må selje vesentlege delar av det samla el-nettet i fylket til Statnett. Dette får fleire konsekvensar.

- Fylket vil miste lokal styring og kontroll over utvikling av kritisk, lokal infrastruktur
- I ein periode der sterke krefter arbeider for større einingar innan kraftforsyning vil ei svekking av SFE Nett vere uheldig for framtidige strukturprosessar
- Stor reduksjon i anleggsmasse vil få konsekvensar for sysselsetting og lokale arbeidsplassar i Sogn og Fjordane
- Flytting av eigarskap og store kapitalverdiar frå Sogn og Fjordane til Oslo vil flytte verdiskapinga og redusere moglegheit for overskot og utbytte frå SFE.

Konsekvensane av eit tvangssal av nettanlegga vert sett på som negative for SFE, for fylket og for fylkeskommunen som eigar.

Nettleige som innsatsfaktor for kraftkrevjande industri.

Verdiskapingsplanen til Sogn og Fjordane har som eit delmål at industrien må vere sikra gode rammevilkår for vidare utvikling. Det er naturleg at utvikling av nettleige, som ein av mange innsatsfaktorar, vert vurdert i planen.

Kraftkrevjande industri har ein rabatt på faste ledd i tariffen i sentralnettet ut frå karakteristikkene til forbruket, og i kva grad det er kraftproduksjon som matar inn i same punkt som industrien tek ut kraft frå. For industrien i vårt fylke er samla rabatt på faste ledd i tariffen på i storleik kring 83%, slik at industrien betalar ca 17% av normal tariff. Rekna om til øre/kWh tilsvarar dette ca 0,4 øre/kWh, eller mellom 1 og 2 % i høve normal kraftpris.

I tillegg til faste ledd betalar kraftkrevjande industri eit tapsledd, basert på i kva grad forbruket bidreg til nett-tapet i det nordiske kraftsystemet. Dei siste åra har dette tapsleddet vore sterkt negativt, det vil seie at industrien har fått betalt frå nettet for å bruke energi. Dette leddet har vore langt større enn dei faste ledd, slik at industrien i sum har hatt ei negativ nettleige. Vurderer vi nettleige isolert, har Sogn og Fjordane vore svært konkurransedyktig på rammevilkår for kraftkrevjande industri.

Kva vert direkte konsekvens om dagens 132kV hovudnett vert ein del av regionalnettet i fylket?

- Inntektsramme for det lokale nettet må kostnadsdekkast i fylket, i dag rundt 26 mill/år
- Grunna større samordning mellom forbruk og produksjon vil rabatt på sentralnettskostnad auke, slik at samla kostnad for området vil gå noko ned.

I sum vil kostnadane som må finansierast lokalt auke med meir enn 20 mill.

Korleis kan våre politikarar arbeide for å hindre kostnadsauke, og redusere nettariffane i Sogn og Fjordane?

- Innmatingsavgift for kraftproduksjon må verte att i det lokale regionalnett.
 - I dag er det slik at dei faste ledd i nettleiga for kraftproduksjon i regionalnett vert direkte vidareført til sentralnettet for å vere med å dekke kostnadane på det høgaste nettnivået. Kraftproduksjon i regionalnettet er ikkje med å dekke kostnadar lokalt.
 - EU si tredje elmarknadspakke, som forpliktar Noreg i høve EØS, tilseier at det norske regionalnettnivå må definerast enten som distribusjonsnett eller som sentralnett. I Reiten-utvalet sine konklusjonar vart det konkludert med at regionalnettet bør verte distribusjonsnett, og at innmatingsinntektene burde vere att i det nye distribusjonsnettet for å dekke dei kostnadane kraftproduksjon gjev lokalt.
 - Praktisk implementering av EU si tredje elmarknadspakke vert jobba med av NVE og OED. Fylket bør etter SFE si mening arbeide for å sikre at inntekt frå innmating av kraft i lokale kraftstasjonar skal vere med å dekke lokale kostnadar.
 - I vårt område betalar kraftproduksjon i regionalnettet faste ledd på mellom 24-36 mill/år (avhengig av om Høyanger vert rekna inn).
 - Får vi politisk gjennomslag for at desse midlane skal verte att lokalt vil kostnadsauken grunna omklassifisering av nett vere utjamna, og snudd.
- Det må innførast system som gjev større utjamning av nettleige mellom område.
 - Dagens regelverk for tariffing gjev utoleleg store forskjellar mellom område basert på mellom anna geografi, forbruk, produksjon og busettingstettleik.
 - Område der den store nasjonale fornybarsatsinga gjev store nettinvesteringar kjem særleg dårleg ut.
 - Ei rekke modellar for direkte utjamning av nett-tariffar over landet har vore utreda, og kan med politisk vilje raskt implementerast. Diverre er det slik at sterke krefter i område med låge nett-tariffar arbeider mot ei slik utjamning. Dette må ikkje hindre SFE og det politiske miljøet i Sogn og Fjordane frå å arbeide målretta for ei meir rettvis fordeling av nettkostnadar.
- Arbeide for nasjonal tariff for kraftkrevjande industri
 - Fleire, mellom anna Ingrid Heggø, har kome med forslag om at kraftkrevjande industri bør ha ein nasjonal nett-tariff uavhengig av kvar i landet den er tilknytt. Vi meiner dette kan vere ein god ide, gjeve at ordninga får ein fordelingsverknad

som sikrar at nettkostnadane lokalt i dei områda industrien er plassert ikkje kjem dårleg ut. Det er urimeleg om ein slik nasjonal tariff får som verknad at anna næring og forbruk i desse områda får større tariffbyrde.

Eit felles mål for alle gode krefter må vere å sikre at den økonomiske byrden med nettkostnadar i fylket ikkje aukar i høve dagens nivå, men i staden går ned. Med målretta innsats kan dette vere ei realistisk målsetting.

Framtidig nett-tariffing.

Ut frå dagens regelverk vil 132kV sentralnett verte definert til å vere regionalt nett når 420kV linja Sogndal – Ørskog står ferdig gjennom fylket. Det må då vere etablert eit system for tariffing av dei felles kostnadane i dette nettet som innafor gjeldande regelverk gjev ei rettvis og leveleg fordeling av kostnadane.

Kostnadane må fordelast mellom ordinært forbruk, kraftkrevjande industri og kraftproduksjon.

SFE Nett vil arbeide for at kraftkrevjande industri får konkurransedyktige rammevilkår i eit slikt fellesnett. Samtidig må vi huske at anna næring og industri i området og treng gode rammevilkår. Vi må få ei balansert fordeling av kostnadane i nettet som tek vare på alle kundegrupper på ein god måte.

Venleg helsing
SFE Nett AS

Asgeir Aase

Nettdirektør SFE Nett

.....